



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Innovasjon Norge Hovedkontoret
Postboks 448 Sentrum

0104 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
11/51-1 LSA

Dato
3 FEB 2012

Statsbudsjettet 2012 - Oppdragsbrev

1 Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet syner til Prop. 1 S (2011–2012) for departementet, til Innst. 16 S (2011–2012) og til orienteringsbrevet datert 6. oktober 2011. Vi syner òg til retningslinjene for kap. 552 post 72.

I dette oppdragsbrevet gjev departementet rammene til Innovasjon Noreg over kap. 552, post 72 og ramma som skal dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnadene som knyter seg til fylkeskommunale oppdrag gjevne over kap. 551, post 60. Gjennom dette oppdragsbrevet delegerer departementet forvaltninga av dei omtalte midlane til Innovasjon Noreg. Brevet inneheld òg presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde ovanfor.

Tabell 1. Oversikt over midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda til Innovasjon Noreg i 2012.

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
551	60	Tilskot til regional utvikling	49 000
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	157 800

Fylkeskommunane har i 2012 sett av 49,0 mill. kr til Innovasjon Noreg over kap. 551, post 60, som skal dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader for fylkeskommunalt finansierte tenester i Innovasjon Noreg. Midlane blir overførte direkte til Innovasjon Noreg, sjå òg punkt 5 Administrative forhold.

Den samla løyvinga på kap. 552, post 72 er på 484,1 mill. kr. Av desse midlane blir 157,8

mill. kr overførte til Innovasjon Noreg. Vedlegg 1 inneheld ei oversikt over rammefordelinga under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk.

2 Overordna utfordringar og prioriteringar

Innovasjon Noreg skal ta utgangspunkt i det som er barrierar og utfordringar for einskildbedrifter og einskildprosjekt, og finansiere, tilføre kompetanse og byggje nettverk mellom dei ulike aktørane i innovasjonssystemet.

Hovudmål:

Innovasjon Noreg har til føremål å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling i heile landet og løyse ut næringspotensial i dei ulike distrikta og regionane gjennom å medverke til innovasjon, internasjonalisering og profilering.

Delmåla for Innovasjon Noreg er:

- 1 auka innovasjon i næringslivet i heile landet
- 2 auka internasjonalisering i næringslivet i heile landet
- 3 styrkt profilering av Noreg og norsk næringsliv internasjonalt
- 4 næringsutvikling basert på regionale vilkår
- 5 generelle, gjennomgåande omsyn og føringar som knyter seg til hovudmålet

Hovudmålet og delmåla gjeld for alle løyvingar til Innovasjon Noreg frå departementa og fylkeskommunane. Kommunal- og regionaldepartementet har i tillegg mål som er knytte til satsingar på budsjettet til departementet sjølv.

2.1 Sektorpolitiske mål og styringssignal

Statsbudsjettet tek utgangspunkt i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa vil leggje til rette for at alle skal vere frie til å busetje seg der dei ynskjer, og vil løyse ut verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla på programkategori 13.50 under budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet er ein ekstrainsats som skal styrkje grunnlaget for busetjing og verdiskaping i område og landsdelar med særlege utfordringar, og skal i hovudsak brukast innanfor det distriktpolitiske virkeområdet. Noko av midlane kan nyttast utanfor virkeområdet for å medverke til å løyse ut verdiskaping. Bruken av midlane må også sjåast i samanheng med nordområdestrategien til regjeringa og med Kommunal- og regionaldepartementet sitt arbeid for mellom anna forskingslyft i nord og auka entreprenørskap.

Midlane skal medverke til å styrkje verdiskapinga i næringsmiljø og utvikle attraktive arbeidsplassar ved å fremje innovasjon, omstilling og nyetableringar. Midlane skal òg medverke til å utvikle lokal infrastruktur, kompetanse og attraktive stader.

Departementet legg vekt på tiltak som kan påverke val av bustad og medverke til entreprenørskap. Kvinner, unge (18–35 år) og innvandrarak er framleis prioriterte grupper i distrikts- og regionalpolitikken.

2.2 Satsingsområde

Kvinner som målgruppe: Regjeringa la i 2008 fram *Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner*. Målet er at det skal vere minst 40 prosent kvinner blant dei nye entreprenørane innan 2013. Handlingsplanen blei midtvegsevaluert av NIFU i 2011, og tilrådingane vil bli nærare vurdert i 2012. Departementet ber Innovasjon Noreg arbeide for ein auke i prosentdelen av kvinner innanfor dei aktuelle programma og tenestene. Departementet ber Innovasjon Noreg om å arbeide på ein høveleg måte for å auke prosentdelen av kvinner i styret og leiinga for verksemdar som får støtte. Målet for departementet er at minst 40 prosent av dei næringsretta verkemidla under departementet skal nå fram til kvinner innan 2013. I samband med dette målet blir dei næringsretta midlane avgrensa til å gjelde direkte bedriftsretta støtte.

Unge som målgruppe: Regjeringa har forsterka satsinga på opplæring i entreprenørskap i utdanninga. Innovasjon Noreg skal styrkje samarbeidet med universitet og høgskolar, med vekt på informasjon og rådgeving til studentar. Innovasjon Noreg skal oppmode fleire unge om å starte si eiga bedrift og utvikle vekstbedrifter når utdanninga er fullført. Målet er å auke sjansane for at dei unge skal lukkast med idéane sine. Departementet vil medverke til å vidareutvikle satsinga på unge etablerarar i Innovasjon Noreg.

Innvandrarak som målgruppe: Innvandrarak er ei prioritert målgruppe i distrikts- og regionalpolitikken. Innvandrarak som til dømes arbeidsinnvandrarak, er svært viktige for tilgongen på arbeidskraft i distrikta, og ein viktig drivkraft for samfunnsutviklinga. Departementet ber Innovasjon Noreg om å gjennomføre minst eit pilotprosjekt som er særskilt retta mot målgruppa innan utgangen av året. Pilotprosjekta skal vere i tråd med måla til selskapet. Departementet oppmodar distriktskontora til å bidra aktivt inn i utviklingsarbeid som handlar om lokalt/regionalt næringsliv og innvandrarak. Departementet ber òg om at alle dei tre målgruppene (kvinner, unge og innvandrarak) blir lagt vekt på i arbeidet med førstelinjetenesta i kommunane.

2.3 Fylkeskommunale oppdrag

Regjeringa løyver 1 500,95 mill. kr i regionale utviklingsmidlar over kap. 551, post 60 til fylkeskommunane for 2012. Løyvinga til kommunale næringsfond blir vidareført med 225 mill. kr innanfor ramma. Fylkeskommunane formar ut oppdragsbrev for dei midlane som Innovasjon Noreg skal forvalte på vegner av fylkeskommunen. Desse breva skal innehalde alle styringssignala frå fylkeskommunane.

Innovasjon Noreg skal samarbeide aktivt med fylkeskommunane som regional utviklingsaktør og i partnerskapane på regionalt nivå. Innovasjon Noreg skal vere

premissleverandør og medverke til å utvikle regionale program og tenester for næringsutvikling og innovasjon, mellom anna i samband med omstillingsprosessar i fylka.

Departementet opnar for at fylkeskommunane skal kunne gje Innovasjon Noreg høve til å stille distriktsretta garantiar frå og med 1. januar 2012. Hovudargumentet for ordninga er at den gjev Innovasjon Noreg større fleksibilitet i finansieringssaker.

Fylkeskommunane skal sjølv avgjere om ordninga skal nyttast hos dei. Departementet syner òg til vedtaket i Stortinget 15. mars 2011 Lovvedtak 43 (2010–2011) om endringar i lov om Innovasjon Noreg. Lova tredde i kraft 1. juli 2011.

3 Nærare om målstrukturen og ordningane

Departementet har sett opp ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla over programkategori 13.50. Målstrukturen skal vere dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke dei økonomiske midlane til og er grunnlaget for registrerings- og rapporteringssystemet til departementet.

Satsingane under kap. 552, post 72 høyrer inn under hovudmål 1 i denne målstrukturen og fordeler seg vidare i all hovudsak på tre arbeidsmål, jf. tabell 2. Nokre få av tiltaka medverkar til alle arbeidsmåla og blir difor omtalte under tverrgåande tema.

Tabell 2. *Samanhengen mellom program og satsingar under Innovasjon Noreg og arbeidsmål. Samla økonomisk ramme er 157,8 mill. kr i 2012.*

Arbeidsmål	Program og satsingar	Tildeling i 2012, i mill. kr
1.1 Styrkte næringsmiljø	Arena-programmet	22,1
	NCE-programmet	40,9
	Bedriftsnettverk	11,5
1.2 Vidareutvikle etablerte føretak	Kompetanseprogrammet	3,1
	Designprogrammet	9,8
1.3 Entreprenørskap	Ung gründer inkl. Mentortenesta for gründerar	20,2
	Auka entreprenørskap og nyskaping blant unge i nord	5,0
	Høgvekst / anna satsing på entreprenørskap	6,9
	Førstelinge for utvikling av næringsliv i kommunane, FUNK	5,0
Tverrgåande tema, tenesteutvikling, analysar, profilering	Kultur og opplevingar	4,7
	Regional omstilling	13,2
	Kvinner i næringslivet, inkludert ekstrasatsinga til kvinner og entreprenørskap	10,0
	Analysar, evalueringar, profilering	5,4

Innovasjon Noreg har, som i tidlegare år, høve til å gjere mindre omdisponeringar på fordelinga, men skal varsle departementet om større avvik frå oppdragsbrevet straks selskapet får kjennskap til slike.

Innovasjon Noreg må dekkje eventuelle behov for bedriftsretta midlar på Svalbard innanfor ramma på kap. 552, post 72.

Under følgjer ei konkretisering av bruken av midlane på utvalde tema under kvart arbeidsmål. Vi syner elles til planane for dei einskilde programma når det gjeld mål og forventata resultat av innsatsen.

Arbeidsmål 1.1

Løyvinga skal gå til vidareføring og styrking av nettverksprogramma: NCE, Arena og Bedriftsnettverk. Det er stor etterspurnad etter programma og tenestene, og dei har ei viktig rolle i utviklinga av nye sterke nettverk og næringsmiljø i Noreg.

Arbeidsmål 1.2

Løyvinga skal gå til vidareføring av Kompetanseprogrammet og Designprogrammet. Departementet set ikkje av midlar til NyVekst i 2012. Programmet skal fasast ut, og Innovasjon Noreg har midlar som står att frå tidlegare år. Under dette målet er det tidlegare løyvd ekstra midlar til å utvikle innovasjonsevna i reiselivet i Nord-Noreg. Det er ikkje prioritert midlar til den særskilde satsinga "Reiselivs- og destinasjonsutvikling i nord" i 2012.

Arbeidsmål 1.3

Mentortenesta for gründerar: Departementet legg vekt på at tilhøva blir lagde til rette for unge etablerarar. Unge er viktige for busetjinga i distrikta og for å medverke til auka verdiskaping i alle delar av landet. Mentortenesta skal vidareførast med unge (18-35 år) som primær målgruppe. Tilbodet er spesielt tilpassa unge gründerar (18 – 35 år), som har starta bedrifter, og dette er den prioriterte målgruppa for tenesta. Tilbodet gjeld og for gründerar over 35 år der det er føremålstenleg innanfor det distriktpolitiske virkeområdet. Midlane frå departementet til Mentortenesta for gründerar kan ikkje nyttast i Oslo, Akershus og Vestfold. Tenesta skal i hovudsak brukast innanfor det distriktpolitiske verkeområdet.

Innovasjon Noreg får òg 5 mill. kr til styrking av entreprenørskap og nyskaping blant unge i Nord-Noreg. I ekstrasatsinga skal ein prioritere arktisk teknologi og reiseliv.

Tverrgående tema, tenesteutvikling, analysar, profilering

Kultur og opplevingar: Departementet er oppteke av kultur som grunnlag for næringsutvikling i distrikta og skal leggje fram ein handlingsplan for kultur og næring, saman med Kulturdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet i 2012. Det er difor viktig at Innovasjon Noreg har kompetanse og verkemiddel som bidreg til å leggje

til rette for auka verdiskaping i kulturnæringane i heile landet. Midlane skal nyttast på ordningar som best tener til å auke verdiskapinga i kultur- og kulturbaserte verksemdar i det distriktpolitiske verkeområdet. Satsinga bør vere godt koordinert med SIVA og Forskningsrådet og fylkeskommunane.

Omstilling: Departementet ynskjer at Innovasjon Noreg framleis skal vere eit nasjonalt kompetanseorgan for lokalt omstillingsarbeid. Innovasjon Noreg får i 2012 ei ramme på 13,2 mill. kr knytt til regional omstilling. I samband med søknader om ekstraordinær statleg innsats i omstillingsområde vil departementet be om ei fagleg vurdering av søknadene før det blir gjort endelege vedtak. Innovasjon Noreg har såleis ei særskild rolle både i samband med ei fagleg vurdering av søknader om ekstraordinær statleg innsats og når det gjeld lokalt omstillingsarbeid generelt. Departementet legg vekt på at Innovasjon Noreg samarbeider med fylkeskommunane, kommunane og andre relevante aktørar om korleis ein skal møte omstillingsutfordringane på ulike stader, og ser omstillingsarbeidet i samanheng med andre relevante tiltak for lokal og regional utvikling.

Den internasjonale uroa i finansmarknaden kan på mange sett påverke og skape uheldige ringverknader for norsk næringsliv. Innovasjon Noreg skal vere et nasjonalt kompetansesenter for regional omstilling, ein spisskompetanse, som kan bli særleg etterspurd i tida som kjem. Departementet ynskjer difor at IN tek initiativ til eit møte med departementet, kor tema er utfordringane framover og apparatet som skal følgje opp desse utfordringane.

Kvinner i næringslivet, inkludert ekstrasatsinga til kvinner og entreprenørskap: Ramma inneber ei nedjustering av løyvinga til den særskilde kvinnesatsinga. Dette kjem av ei meir integrert satsing på kvinner i Innovasjon Noreg. Midtvegsevalueringa av handlingsplanen for meir entreprenørskap blant kvinner seier at den integrerte satsinga er i samsvar med intensjonane i handlingsplanen og meir slagkraftig enn den særskilde løyvinga. Noko av midlane kan også brukast til å styrkje samarbeidet mellom verkemiddelaktørane og synleggjere gode førebilete innanfor entreprenørskap.

4 Andre føresetnader

Vilkår og retningslinjer: Innovasjon Noreg skal sjå til at midlane blir disponerte i samsvar med dei vilkåra og føresetnadene som er tekne inn i budsjettproposisjonen for departementet for 2012, budsjettinnstillinga og vedtaket i Stortinget. Midlane skal disponerast i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten, programomtalane, retningslinjene for kap. 552, post 72 og statsstøtteregelverket innanfor EØS-avtalen. Sjå vedlegg 1 for retningslinjer for forvaltninga av midlane på kap. 552, post 72 og vedlegg til retningslinjene, "Offentleg støtte – støttereglar og støtteintensitetar for støtte til enkeltverksemdar".

Tilskotsforvaltning: Innovasjon Noreg skal ha eit forsvarleg og nyttig system for tilskotsforvaltning i tråd med kap. 6 i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*. Det er opp til Innovasjon Noreg å fastsetje nærare reglar og krav for å føre kontroll med mottakarar av tilskot. Departementet ber om at Innovasjon Noreg innan utgangen av året sender inn ei kortfatta framstilling av korleis kontrollen med tilskota blir utført. Departementet vil ha dialog med Innovasjon Noreg om kva dokumentasjonen skal innehalde.

Samarbeid med andre nasjonale aktørar og med fylkeskommunane: Innovasjon Noreg skal vidareføre det gode samarbeidet mellom dei tre verkemiddelaktørane, mellom anna om dei felles programsatsingane (som NCE-programmet og kvinnesatsinga). Departementet ber òg Innovasjon Noreg om å vidareføre samarbeidet med andre aktørar, særleg fylkeskommunane, Distriktssenteret, Connect og Ungt entreprenørskap.

Kommunikasjon og informasjon: Innovasjon Noreg skal aktivt synleggjere resultat som er oppnådde som følgje av innsatsen på politikkområdet til departementet, både overfor eksterne målgrupper og overfor departementet. Innovasjon Noreg skal orientere departementet i god tid før ein offentlegjer viktige utgreiingar som er gjennomførte, eller rapportar som er bestilte for midlar frå KRD. I tråd med dei avtalte rutinane skal Innovasjon Noreg varsle departementet om saker som kan bli store i media, både kontroversielle saker og saker som elles kan skape stor offentleg merksemd. Departementet forventar at Innovasjon Noreg kvar månad kjem med framlegg til moglege profileringar, og at selskapet tek kontakt med KRD for å få avklara om departementet skal vere med på synleggjeringa av resultat og einskildsaker.

5 Administrative forhold

Administrasjons- og gjennomføringskostnader i Innovasjon Noreg skal vere rekna med i programløyvinga på post 72. Basiskostnadene til selskapet skal framleis dekkjast over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet, kap. 2421, post 70. Eigarane, oppdragsgjevarane og selskapet skal gå igjennom omlegginga til basiskostnadsmodellen og eventuelt justere omfanget og fordelinga av dei overførte midlane etter at modellen har vore nytta i to år. I 2014 skal heile kostnadsmodellen vurderast.

6 Rapportering og resultatoppfølging

Overføring av midlar: Departementet kjem til å overføre midlane i like store delar tre gonger i året: i februar, juni og oktober. Midlane blir overførte til den same kontoen som i 2011 med mindre vi får melding om noko anna.

Rapportering: Departementet syner til vedlegg 3, Rapporteringsskalender, og vedlegg 4, Krav, rapporteringsskjema og veileder til statistikkrapporteringen for virkemidlene fra KRD. Vedlegg 4 er oppdatert i høve til rapporteringssystemet for programkategori

13.50 frå januar 2011. Rapporteringa blir mellom anna nytta i aktivitetsrapporteringa frå departementet i Prop. 1 S.


Departementet ber om at Innovasjon Noreg vurderer måloppnåinga for midlar frå departementet og fylkeskommunane i den skriftlege årsrapporten. Departementet ber òg om å få rapport om utviklinga i prosentdelen av kvinner innanfor alle program og tenester for å synleggjere kjønnsbalansen når det gjeld deltakarar og den stønaden som er utdelt.

Kap. 552, post 72 er ein tilskotspost, og Stortinget må informerast om kor mykje av midlane på posten som blir brukt til å dekkje administrasjons- gjennomføringskostnader ved forvaltninga av midlane. Det er difor etablert ein ny variabel i 2011, administrasjons- og gjennomføringskostnader, der desse midlane skal registrerast.

Rekneskap og kontroll med løyvingane: Innovasjon Noreg skal føre ein eigen rekneskap for bruken av midlane. Rekneskapen skal førast slik at det alltid går fram kva for aktørar og kva for prosjekt som har fått midlar, og kor mykje. Både departementet og Riksrevisjonen kan be om innsyn i bruken av midlane.

Evalueringar: Innovasjon Noreg skal gjennomføre evalueringar av program, satsingar og tenester, jf. økonomireglementet (§ 16). Departementet ber om å bli involvert tidleg i prosessane for å delta i utforminga av oppdraga og i referansegrupper. Departementet skal informerast om hovudresultata frå evalueringane og om korleis Innovasjon Noreg vurderer dei og planlegg å følgje dei opp.

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg

1. Retningslinjer for bruk av kap. 552, post 72
2. Oversikt over rammefordelinga av programkategori
13.50 Distrikts- og regionalpolitikk
3. Rapporteringsskalender for 2012
4. Krav, rapporteringsskjema og veileder til
statistikkrapporteringen for virkemidlene fra
Kommunal- og regionaldepartementet
5. Fylkesfordeling av midlar over kap. 551, post 60
6. Retningslinjer for bruk av kap. 551 postane 60 og 61

Kopi til:

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling

Norges forskningsråd

Nærings- og handelsdepartementet

Riksrevisjonen

SIVA - Selskapet for industrivekst SF

Fylkeskommunane og Oslo kommune

